



Kaland Trelast AS  
Keilevegen 45  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2024 - 19/16793

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
28.05.2019

## Løyve til riving og oppføring av nytt standplassbygg - gbnr 104/60 Haukås (Lindås)

**Administrativt vedtak:** Saknr: 314/19  
**Tiltakshavar:** Lindås Skyttarlag  
**Ansvarleg søkjar:** Kaland Trelast AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl)  
§§ 20-1 og 20-3

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eldre bygg på rundt 100 m<sup>2</sup>, og oppføring av nytt standplassbygg ( BYA 267 m<sup>2</sup> og BRA 278 m<sup>2</sup>), med avløpsanlegg (tett tank). Tiltaket fører til ei stor betring av støyforholda for brukarane og naboane, og elles for bruken av anlegget.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.07.2018 og supplert med nye teikningar 31.10.2018 og med søknad om utsleppsløyve med ansvarserklæring for sanitæranlegg den 28.04.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.04.2019 og frist for sakshandsaming er 12 veker, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 8.ledd.

### Planstatus

Kommuneplan 2011-2023 gjeld for dette området. Arealføremålet er idrettsanlegg – skytebane. Byggegrensa mot fylkesveg 57 er 50 meter frå vegmidte, ifølgje planen.

### Dispensasjon

I møte den 21.11.2018, saksnr. 139/18, godkjende Plan- og miljøutvalet dispensasjon frå kommuneplanen: frå byggegrensa mot fylkesveg 57 og det generelle kravet i om reguleringsplan i byggeområde (plankrav).

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt etter at dispensasjonssaka var avslutta.

### Nabovarsel og private rettar

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar, bortsett frå at Statens vegvesen kom med merknad i forhold til veglova. Søkar/tiltakshavar har svart på den. Samtykke frå eigar av gbnr 104/60 er lagt ved søknaden.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 04.07.2018

### **Vatn og avløp (VA)**

Pr i dag er det ikkje innlagt vatn. Nybygget skal ha takvatn med hydroforanlegg som vassforsyning. Avløp på WC, handvask og kjøkkenvask skal gå til tett tank, i samsvar med utsleppsløyve godkjent 27.05.2019 i administrativt vedtak nr 308/19.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltakshvar har lagt fram fullmakt frå eigar til å søka.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for riving av bygning og oppføring av nytt standplassbygg på følgjande vilkår:**

- 1. Vilkåra i utsleppsløyvet av 27.05.2019 skal følgjast opp.**
- 2. Før det kan skrivast ut ferdigattest, skal faktisk plassering av tiltaket vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 18/2024

### **Lenke til innsyn:**

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2018002024&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018002024&)

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kaland Trelast AS  
Lindås Skyttarlag

Keilevegen 45 5953  
Øksnesvegen 76 5943

FONNES  
AUSTRHEIM

**Mottakarar:**

Kaland Trelast AS  
Lindås Skyttarlag

Keilevegen 45 5953  
Øksnesvegen 76 5943

FONNES  
AUSTRHEIM